

## **Retningslinjer for handsaming av søknader om fritak frå ordinær slamtømmeordning**

I samsvar med forskrift for slamtømming for kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund er slamanlegg som er omfatta av § 8 i forskrifta innanfor tvungen slamtømmeordning i kommunane.

Det følgjer av slamtømmeforskrifta § 10 at kommunen kan gje fritak for slamgebyr og fritak for einskilde eigedommar frå ordninga.

Som hovudregel gjeld fritak berre mellombels med ei tidsavgrensing på inntil 1 år, og minimum 6 månader. Det kan i særskilde tilhøve gjevast fritak for ein lengre periode enn 1 år. Søkjar må, før fritaksperioden går ut, gje melding til NGIR dersom situasjonen er uendra og senda inn ny søknad. Vert ikkje slik melding gjeve, vert gebyret justert attende til slik det var før fritak vart gjeve.

Ved handsaming av søknadar om fritak frå den ordinære slamtømmeordninga skal følgjande retningsline leggest til grunn:

- Bustader som ikkje er i bruk:
  - På grunn av bustaden sin tilstand som t.d. ved brann eller andre orsakar som gjer at det ikkje er forsvarleg til bruk som bustad
  - Bustaden står tom over ein periode på minimum 6 månader. Vilråra i slamtømmeforskrifta § 10 må vera oppfylt. Det vil berre i særskilte tilfelle verte gitt fritak ved kjøp/sal av eigedom.
- Bustader som har eigen utleigedel, men skal nytta denne til eige bruk i ein periode.

Ut over dette kan NGIR gje fritak for andre høve der det er særskilde grunnar som talar for dette.

Fritaket omfattar og gebyrplikta i den perioden fritaket er gjeve for.

Trengs det tømning utover frekvens, vil dette stå for eigar si rekning (jf. Forskrift for slamtømming Kapittel 3 § 6).

Permanent fritak blir berre gjeve ved godkjent bruksendring etter plan- og bygningslova av eigedommen til andre formål enn bustad/fritidsbustad og endring i tal bueiningar, eller ved at eigedommen blir tilknytt til offentleg avløpsnett.

Dersom fritak blir gjeve på bakgrunn av ukorrekte eller manglande opplysningar frå abonnent, vil kommunen etterfakturere frå fritaksdato. Etterfakturert beløp blir tatt med på neste terminfaktura og blir fakturert den som er heimelshavar på faktureringstidspunkt.